

Blom Fiskeoppdrett AS

5337 RONG

Dato: 11.07.2016

Vår ref.: 2016/5998-7

Saksbehandlar: Endre Korsøen

Telefon: 917 64 632

## H-ML-17 Blom Fiskeoppdrett AS org. nr. 840215512 - Løyve til å etablere anlegg for oppdrett av matfisk av regnbogeaure til forskningsformål på lokalitet 10080 Laksevika i Meland kommune

Vi syner til Dykkar søknad av 25.05.2016.

### Vedtak

Hordaland fylkeskommune gjev med dette Blom Fiskeoppdrett AS org. nr. 840215512, akvakulturløyve med reg. nr. H-ML-17, løyve til å etablere flytande akvakulturanlegg for oppdrett av matfisk av regnbogeaure (*Oncorhynchus mykiss*) til forskningsformål i sjø på følgjande lokalitet i Meland kommune i Hordaland fylke:

Nr	Lokalitet	Kommune	Lokalitetsbiomasse	Anleggets midtpunkt Euref89/WGS84	Samlokalisering
10080	Laksevika	Meland	1560 tonn	60° 31.809' N 05° 06.945' E	H-L-19, H-ML-1, H-ML-17, H-ØN-1 og H-ØN-36
<b>Anlegget er godkjent med følgjande hjørnepunkter-kartreferansar oppgjeve i Euref-89/WGS84</b>					
1		2		3	
60° 31.822' N 05° 06.866' E		60° 31.820' N 05° 07.020' E		60° 31.790' N 05° 07.017' E	
4					
60° 31.792' N 05° 06.864' E					

Lokalitet 10080 Laksevika er godkjent for løyva H-L-19, H-ML-1, H-ØN-1 og H-ØN-36. Kvar av dei kommersielle løyva omfattar ei maksimal tillaten biomasse (MTB) på 780 tonn.

Løyvet med reg.nr. H-ØN-36 er eit løyve for oppdrett av matfisk av laks og aure til visningsføremål og er avgrensa til 500 tonn MTB. Løyvet med reg.nr. H-ML-17 er eit løyve for oppdrett av matfisk av laks og aure til forskningsformål og er avgrensa til 780 tonn MTB, samt tidsavgrensa til og med 11.07.2017.

For nærmare oversikt over kva lokalitetar som er godkjent for dei einssilde løyva, viser vi til akvakulturregisteret.

Lokalitetsbiomassen skal ikkje på noko tidspunkt overskride 1560 tonn MTB.

### Lovheimel

Løyvet er gjeve av Hordaland fylkeskommune med heimel i Lov av 17.06.2005 nr. 79 om akvakultur og Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse for akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskrifta). Dette løyvet etter akvakulturlova inkluderer løyve etter matlova, forureiningslova og hamne- og farvannslova.

### Særskilde vilkår for forskingsløyve H-ML-17

Hordaland fylkeskommune viser til vedtak frå Fiskeridirektoratet av 16.06.2016 om eit akvakulturløyve til forskingsformål avgrensa med inntil 780 tonn maksimalt tillat biomasse for eit år frå utskriving av lokalitetsklarering. Tilsagnet er gjeve med følgjande særtilkår:

- Forsøksbiomassen skal berre nyttast i samsvar til prosjektskildringa i søknaden, dvs til forsøk som omhandlar oppbløyting av fôr til regnbogeaure og effektar på vekst i sjøfasen og utvikling av vassbuk.
- Nofima AS skal ha det faglege ansvaret for planlegging, gjennomføring og evaluering av forsøka i akvakulturløyve.
- Resultata frå forsøksverksemda skal vere ålment tilgjengeleg. Årleg forsøksrapportering skal utførast på standardiserte skjema ([www.fiskeridir.no](http://www.fiskeridir.no)) og sendast til Fiskeridirektoratet si kyst- og havbruksavdeling innan 15.02 påfølgande år. Det skal vidare sendast sluttrapport når prosjektet er fullført.
- Innehavar av løyve skal ha det faktiske og merkantile ansvaret for fisken i akvakulturløyve.
- All fisk som vert sett ut i akvakulturløyve skal inngå i godkjende forsøk, og ved avslutting av forsøk må fisken slaktast/selgast.
- Vilkår i laksetildelingsforskrifta som ligg til grunn for tildeling av akvakulturløyve til forsøks- og forskingsformål må vere oppfylt også i driftsfasen.

### Grunngjeving

Blom Fiskeoppdrett AS søkte 20.06.2016 om løyve til samlokalisering av forskingsløyve med verksemda sine kommersielle matfiskløyve for oppdrett av laks og aure på lokalitet 10080 Laksevika i Meland kommune.

Søknaden gjeld klarering av lokalitet 10080 Laksevika for forskingsløyve, utan endring i lokalitetsbiomasse eller endring av arealbruk. Lokaliteten er godkjent for ein lokalitetsbiomasse på 1560 tonn.

Forsøka omhandlar oppbløting av fôr til regnbogeaure og effektar på vekst i sjøfasen og utvikling av vassbuk. Nofima har det faglege ansvaret for forsøka. Vedlagt ligg særlege vilkår til forskingsløyve frå Fiskeridirektoratet, og ei grundig skildring av forsøksprosjektet.

Det at den omsøkte lokaliteten no skal inngå i forskning kan innebere ei vesentleg endring i høve til gjeldane lokalitetsklarering. Søknaden vart difor send til vurdering hjå Mattilsynet og Fylkesmannen.

Då lokaliteten er tidlegare godkjent, og det ikkje er søkt om endring i bruk av areal eller biomasse er ikkje søknaden send til Kystverket Vest, Fiskeridirektoratet Region Vest eller Meland kommune for handsaming.

Søknaden er handsama av Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga 20.06.2016. Fylkesmannen har ingen merknad til søknaden då tiltaket ikkje inneber endring i biomasseproduksjon eller arealbruk på lokaliteten. Det er heller ikkje trong for endring av utseppsløyvet.

Søknaden er handsama av Mattilsynet Region Sør og Vest 11.07.2016. Mattilsynet har vurdert at søknaden om samlokalisering av forskingskonsesjon med Blom Fiskeoppdrett sin ordinære akvakulturløyve HL-0019 på lokalitet 10080 Laksevika ikkje medfører vesentlege endringar av det allereie godkjente akvakulturanlegget. Det er derfor ikkje krav om godkjenning av denne samlokaliseringa frå Mattilsynet.

Hordaland fylkeskommune si vurdering

Hordaland fylkeskommune har vurdert søknaden etter lov av 17. juni 2005 nr 79 om akvakultur, og i høve til generelle vilkår for klarering av akvakulturlokalitet som nemnd i § 30 i laksetildelingsforskrifta som seier at lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom:

- a) *det er miljømessig forsvarlig;*
- b) *det er foretatt en avveining av arealinteresser, med særlig vekt på*
  - 1. *søkers behov for areal til planlagt akvakultur,*
  - 2. *alternativ bruk av området til annen akvakultur,*
  - 3. *annen bruk av området, og*
  - 4. *verneinteresser som ikke omfattes av bokstav d.*
- c) *det er gitt tillatelser som kreves etter*
  - 1. *lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv.,*
  - 2. *lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall,*
  - 3. *lov 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann.*
- d) *det ikke er i strid med*
  - 1. *vedtatte arealplaner etter plan- og bygningsloven 14. juni 1985 nr. 77,*
  - 2. *vedtatte vernetiltak etter kapittel V i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold,*
  - 3. *vedtatte vernetiltak etter lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner.*

og kome fram til at tiltaket ikkje kjem i konflikt med reglane i forskrifta.

Ved handsaming av søknaden er sakshandsamingsreglane i naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100 § 8 - 12 følgd i vurdering av om tiltaket det vert søkt om er miljømessig forsvarleg etter laksetildelingsforskrifta §30a. Søknaden har på vanleg måte etter reglane i akvakulturlova vore til handsaming hjå kommunen og sektorstyresmaktene, og det er ikkje kome opplysningar om at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst i høve til oppdrettsanlegget si påverknad på naturmangfaldet. Hordaland fylkeskommune vurderer derfor at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til å fatte eit vedtak og at det omsøkte tiltaket ikkje har ein irreversibel påverknad på naturmangfaldet. Den samla belastninga på naturmiljøet i Herdlefjorden blir uendra.

Etter ei samla vurdering har Hordaland fylkeskommune gjeve Blom Fiskeoppdrett AS org. nr. 840215512 med akvakulturløyve reg. nr. H-ML-17, løyve til å etablere flytande akvakulturanlegg for oppdrett av matfisk av regnbogeaure (*Oncorhynchus mykiss*), til forskningsformål på lokalitet 10080 Laksevika i Meland kommune på nærmare vilkår.

Generelle vilkår

Løyve vert gjeve under føresetnad av at etablering, drift og eventuelt avvikling vert gjennomført i samsvar med gjeldande lovverk, forskrifter og vilkår.

Lokaliteten skal etablerast i samsvar med vedlagte kart. Dersom De ønskjer å endra anlegget i høve til dette løyvet, må det sendast søknad om dette til Hordaland fylkeskommune.

Løyve etter Akvakulturlova inneberer at det er gjeve eit offentleg rettsleg løyve inkludert løyve etter matlov, forureiningslova og hamne- og farvannslova.

Løyvet vert gjeve utan ansvar med omsyn til nabo-, eigedoms- eller andre privatrettslege tilhøve. Dette løyvet frittek Dykk ikkje frå plikt til å innhenta naudsynt løyve etter andre lover, eller plikt til å retta Dykk etter reglar og påbod som vert gjeve med heimel i slike lover.

Løyve kan trekkjast attende eller anlegget kan verte kravd redusert dersom tilhøva skulle tilseie dette.

### Pliktar

Som konsesjonsinnehavar har De plikt til å sette Dykk inn i det regelverket som gjeld for løyver etter akvakulturlova. Akvakulturlova med tilhøyrande forskrifter er tilgjengeleg på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no).

De pliktar å gje representantar frå Fiskeridirektoratet, Fylkesmannen, Kystverket og Mattilsyn tilgang til gransking av og opplysningar om anlegget.

Kopi av dette løyvet med vedlegg skal oppbevarast tilgjengeleg for alle tilsette på anlegget, og også slik at løyvet kan synast til alle som har kontrollrett.

### Vedlegg

Uttale frå Fylkesmannen i Hordaland 21.05.2010 og 20.06.2016, Mattilsynet Region Sør og Vest 02.03.2010 og 04.07.2016, Kystverket Vest 27.05.2010 og Fiskeridirektoratet, Kyst- og havbruksavdelinga 16.06.2016, samt kart med godkjent plassering av anlegget og klageskjema fylgjer vedlagt.

### Klage

Vedtaket kan påklagast. Sjå om dette i vedlagde orientering. Ei eventuell klage skal framsettast til Hordaland fylkeskommune, sjølv om klaga gjeld vedtak fatta av Fylkesmannen, Mattilsynet eller Kystverket.

I medhald av forvaltningslova sin §27b vert det sett som vilkår for å gå til søksmål at ein har nytta høvet til å klaga. Ein gjer merksam på at eventuell klage ikkje fører til at iverksetjing av vedtaket vert utsett. Det er likevel høve til å søkje om at iverksetjing blir utsett til klagesaka er avgjort.

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Sondbø  
seksjonssjef


*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi:

Fiskeridirektoratet Region Vest  
Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga  
Mattilsynet Region Sør og Vest  
Kystverket Vest  
Meland kommune



# H-L-19, H-ML-1, H-ML-17, H-ØN-1 og H-ØN-36 Blom Fiskeoppdrett AS Lokalitet 10080 Laksevika



Hordaland fylkeskommune


Agnes Mowinckels gate 5  
PB 7900  
5020 Bergen

Tlf: 55 23 90 00  
e-post: hfk@hfk.no  
www.hordaland.no

Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.  
Kontonnr. [xxxx xx xxxxxx]




# 10080 Laksevika - Klarerte ytterpunkt



**Målestokk: 1:5 000**

# NODMAS

Linenummerering:



<b>(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet)</b> <b>Hordaland fylkeskommune</b> <b>Agnes Mowinckels gate 5</b> <b>PB 7900</b> <b>5020 BERGEN</b>	<b>Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak</b> (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)  Dato: 06.07.2016
<b>(3) Mottakar (namn og adresse)</b>  <b>Blom Fiskeoppdrett AS</b> <b>5337 Rong</b>	<b>(4) Klageinstans</b>  <b>Fiskeridirektoratet, Kyst- og havbruksavdelinga</b> <b>Postboks185 Sentrum</b> <b>5804 BERGEN</b>
<p><b>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.</b></p> <p><b>Klagerett</b> De har rett til å klage på vedtaket.</p> <p><b>ven kan De klage til?</b> Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).</p> <p><b>Klagefrist</b> Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagt før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p> <p><b>Rett til å krevjegrungjeving</b> Dersom De meiner at vi ikkje har grungjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grungjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grungjevinga.</p> <p><b>Innhaldet i klaga</b> De må presisere</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kva for eit vedtak De klagar på</li> <li>- årsaka til at De klagar</li> <li>- den eller dei endringar De ønskjer</li> <li>- eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga</li> </ul> <p>Klaga må underskrivast.</p> <p><b>Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket</b> Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.</p> <p><b>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing</b> Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p> <p><b>Kostnadene med klagesaka</b> De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p> <p><b>Klage til Sivilombodsmannen</b> Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>	
Særlege opplysningar	

X-0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve